

ÅRSMELDING 2016 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

1. Melding frå Styret i Leikarringen

1.1 Styret i Leikarringen 2016

Leiar:	Anbjørg Myhra Bergwitz
Styremedlem:	Audun Grüner-Hegge (nestleiar)
Styremedlem:	Simon Hesselberg Løvald (kasserar)
Styremedlem:	Sigrid Kjøbli
Varamedlem:	Solveig Brekke Hauknes
Varamedlem:	Lasse Pettersen

1.2 Årsmøte

Leikarringen hadde årsmøte i Lagsrommet 1. mars 2016. Det var 12 røysteføre medlemmer som deltok på møtet.

1.3 Styrearbeid

Det nye styret konstituerte seg på det første møtet sitt 15. mars 2016. Titlane i parentes i punkt 1.1. viser korleis dei faste oppgåvene vart fordelte.

Styret har hatt 11 fysiske styremøte i meldingsåret. I tillegg har det vore mykje korrespondanse på e-post og på øvingar fortløpande, når det har vore naudsynt.

1.4 Informasjon

All informasjon frå styret ut til medlemene blir i hovudsak formidla via heimesidene (www.leikarringen.bul.no), per elektronisk post, på Leikarringen si Facebookside (www.facebook.com/Leikarringen) og på oppslag ved Teatersalen. Dei medlemene som ikkje har epostadresse har fått terminplanen og anna naudsynt informasjon i posten.

Styret har ei elektronisk postliste der alle medlemmer med e-postkasse er med. Denne lista blir nytta til å formidle informasjon som naturleg høyrer til i Leikarringen. Dersom ein ikkje ønskjer å stå oppført på denne lista, kan ein be om å bli strøken.

1.5 Heiderslagsfolk

Det har i meldingsåret ikkje vore utnemdt nokre nye heiderslagsmedlemmer. Heiderslagsfolk har livsvarig medlemskap i Bondeungdomslaget og i Leikarringen, og blir innbedne til Leikarringen sine tilskipingar.

1.6 Heidersmerke

Styret har ikkje delt ut Heidersmerke i 2016.

1.7 Medlemstal

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Medlemer ved utgangen av året	114*	112	98	104	110	102	111	118	139	143	154
Nye medlemer	18	18	8	9	12	5	10	5	9	6	2
Strokne/ utmelde	16	4	5	15	4	14	17	26	13	17	5

*106 betalte, jf. betalingsliste + 8 innmeldte på 1,5 års medlemskap, betaler først i 2017

1.8 Ombod frå Leikarringen

Barnelaget:

Ingen personar frå Leikarringen har sete i styre i barnelaget i 2016

Bunadnemnda:

Turid Rønning
Anne Cathrine Johansen
Lasse Pettersen

Valnemnda:

Rita Sirirud Strandbakke
Lisa Grav Henriksen
Eline Nordseth Berg
Lina Hennem
Audun Stokke Hole

1.9 Øvings- og dansekveldar

Øvingar:

Øvingane våren og hausten 2016 vart haldne i Teatersalen kvar tysdag kl. 19.30-21.30. Sjå eiga melding for Søndansen.

I løpet av året var det mange dyktige instruktørar og musikarar som bidrog til eit flott danseår i Leikarringen.

Instruktørane har vore:

Audun Grüner-Hegge, Lisa Grav Henriksen, Solveig Brekke Hauknes, Sigrid Kjøbli, Silje Risdal Liahagen, Trine Merete Sjølyst, Mathilde Øverland, Øyvind Sandum, Vegar Vårdal, Renate Nysted Tønnesen, Audun Sølvsberg, Elisabeth Syrdahl Ellingsen, Bente Hjellum Syvertsen, Pål Anders T. Sveen, Bjørn Sverre Hol Haugen, Anbjørg Myhra Bergwitz og Endre Kleiveland.

Musikarane har vore:

Ole Nilssen, Hilde Fjerdingøy, Ingeborg Uhlberg Sommer, Tuva Færden, Bjørn Kåre Bråten Odde, Jon Hjellum Brodal, Helga Myhr, Elise Tegnér, Marianne Tomasgård, Mads Erik Odde, Ingrid Schei Stuhaug, Tuva Færden og Vegar Vårdal.

Vi innførte dette året konseptet "Fokus"-øvingar. På desse øvingane tek vi utgangspunkt i ein taktart, t.d. reinlender, ein vil få grunntrening i taktarten og jobbe med danseteknikk, i tillegg til å lære nokre variantar og prøve seg på både turdans og songdans som er knytt til taktarten. Desse øvingane har vært dedikert til å byggje vårt felles repertoar til bruk ved framsyningar som til dømes 17. mai.

Tema har vore:

Reinlender, pols, runddans, vals, ril & halling, hallingspringar, springdans frå Akershus (i samarbeid med Bygda Dansar Akershus), pols & masurka, danseteknikk, springleik, pols & vals, nordfjordspringar, "dancing queens", teledans, polsdans frå Finnskogen, masfjordspringar.

Lisa Grav Henriksen og Audun Grüner-Hegge leia 17. mai-øvingane fram mot ei særers vellukka 17. mai-framsyning på Karl Johan - sjå meir om 17. mai i pkt. 1.10.

Vi avslutta begge semestera med hyggelege avslutningar. 7. juni var vi ein stor gjeng samla hos Audun og Anbjørg for sumaravslutning. Planen var eigentleg å samlas i Ilparken, men grunna dårleg vêr blei det flytta inn. Der hadde vi evaluering av våren og innhaldet på øvingane, samt hyggeleg samvær med allsong og god mat. Fleire bidrog med salat, anna godt til pølsene og kaker.

6. desember avslutta vi eit flott år i Leikarringen med samling i Teatersalen. Vi åt peparkaker og klementinar, drakk gløgg med mandlar og rosiner, og dansa til musikk frå duoen Patrik Andersson og Vegar Vårdal. Vi var om lag 30 som deltok på denne juledansen.

Leikarringen er svært nøgde med at mange av medlemmane er røynde dansarar, slik at dei nye dansaranse som kjem til kan lære både av instruktørane og av folka dei dansar med. Kven som kjem på øvingane varierer litt frå gong til gong, men oppmøtet er nokså stabilt. Gjennomsnittleg tal dansarar på tysdagsøvingane har vore kring 20-25 stk..

Dansekveldar og fester

10. april var Leikarringen tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22. Det var minikurs i springdans fra Torpa med Rita Sirirud Strandbakke og Svein Are Vatnehol som instruktørar og Elise Tegnér som musikal på kurset. Etter kurset var det dans til Brørne Kjørstad. 4. september hadde vi også ansvaret for Folkedanskvelden i BLS, då var det minikurs i polsdans frå Finnskogen med Audun Grüner-Hegge og Anbjørg Myhra Bergwitz, Elise Tegnér var kursmusikal. Etter kurset var det dans til Brørne Odde. Begge gongene var Leikarringen ansvarleg for kiosksalet, dørvakter og rydding etter dansekvelden. Det var mange friviljuge som stilte opp desse kveldane og laga god stemning. Det var mange gode tilbakemeldingar frå BLS på samarbeidet.

Lønningpols kom opp som eit kreativt forslag på eit styremøte på våren. Ideen sprang ut av ønsket om å skipe dansefest, men samstundes gjere noko litt annleis enn kva ein klassisk leikfest inneber. Musikanane Hilde Fjerdingsøy og Leif Ingvar Ranøien, begge dyktige toradarspelarar, baud denne kvelden på det ypparste polsspelet dei har. Det vart blant anna ein god dose Rørspols, Finnskogspols og Nordlandspols. Rundt borda kunne folk ete noko godt og

slå av ein part. Oppmøtet var veldig godt, og folk i alle aldrar fekk dansa seg svette og glade. Denne erfaringa gjer at styret ønskjer å gjera Lønningspols til eit fast innslag på terminplanen.

Søndans/stildansar:

Sjå eiga melding frå Søndansen i punkt. 3.

1.10 Framsyningar, deltakelse og sosiale arrangement

17. mai dansa Leikarringen som vanleg opp Karl Johan til Slottet. Audun Grüner-Hegge og Lisa Grav Henriksen var danseleiarar for 38 dansarar. Solveig Brekke Hauknes og Mads Erik Odde spelte for oss. Audun Grüner-Hegge var 17. mai-ansvarleg. Hallinggruppa BULder & Brak var med på delar av framsyninga, og synte fram flott halling til eit begeistra publikum ved Universitetsplassen.

I forkant av barnetoget synte Leikarringen seg fram på direktesending i TV2 sitt program «God 17. mai Noreg». 12 dansarar frå Leikarringen synte fram dans og nestleiar Audun Grüner-Hegge vart intervjuet, medan Solveig Brekke Hauknes spelte. Dette gav Leikarringen veldig god marknadsføring midt i «beste sendetid» på nasjonaldagen. → Lenke til innslaget finn du her:

- Del 1: <https://youtu.be/hk18TB0fGo8> (intervju og dans)
- Del 2: https://youtu.be/704KI0vE_Mk (presentasjon av bunad)

Leikarringen dansa også tradisjonen tru på Ensjøtunet, Hans Petter Holen spela der. Ragnhild Marie Holen & Rune Hernes Bjerke leia dansen.

Mange frå Leikarringen deltok på Brusteballet på Universitetsplassen. Også i år var trioen Vegar Vårdal, Åsmund Reistad og Olav Christer Rossebø musikarar. Marianne Dahl & Vegar Vårdal leia dansen. → Lenke til innslag på dagsrevyen: <https://youtu.be/eYq5UB-LWYe>

Folk frå Leikarringen har også i år vore til stades på ymse tilskipingar i løpet av meldingsåret, som t.d. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. I tillegg er medlemmer frå Leikarringen engasjerte i fleire større og mindre danseprosjekt både lokalt og nasjonalt.



På Landskappleiken 22.–26. juni, som vart arrangert i Vågå, deltok fleire dansarar frå Leikarringen, og presterte godt. I tillegg gjorde Leikarringen det godt i lagdans på Landskappleiken. Heile 20 dansarar representerte Leikarringen og dansa polsdans frå Finnskogen. Deltakinga endte med ein 4. plass av i alt 27 spel- og dansarlag. Ei plassering vi er særst godt nøgde med! Ein viktig del av kappleiken var å bli betre kjende med kvarandre. Det vart ikkje noko problem ettersom dei fleste budde på felles klasserom, der luftmadrassane låg tett i tett. Allsong vart ein naturleg del av samværet, så vel som dansen. Sjå video av dansen her: <https://vimeo.com/172130553>

I tillegg deltok medlemmer frå Leikarringen i ein del andre klassar også:

- Simon Hesselberg Løvald i halling A
- Svein Are Vatnehol & Rita Sirirud Standbakke med springdans frå Nordre Sunnmøre i dans fele B
- Runhild Heggem i halling B
- Audun Grüner-Hegge & Anbjørg Myhra Bergwitz med Oslopols i klassa dans fele A
- Solveig Brekke Hauknes i spel hardingfele B, lagdans med #Hedmarken & lagspel med Østerdølenes Spellmannslag
- Anne Nilssen i lagdans med #Hedmarken
- Det skal óg nemnast at Solveig Brekke Hauknes, vart kåra til Noregsmeister i klassa dans fele A, og dansa i den anledning på Meisterkonserten i Den Norske Opera & Ballett 20. november.

På Landsfestivalen i gammaldansmusikk 5.–9. august var det óg folk frå Leikarringen som deltok.

- Ida Malene Christensen deltok både i gruppespel saman med gruppa Hollos efterfølgarar
- Ida Malene Christensen, Evald Fredholm i pardans og lagdans med #Hedmarken
- Solveig Brekke Hauknes i solo fele/hardingfele senior, lagspel med Østerdølenes Spellmannslag, pardans og lagdans med #Hedmarken

Det er moro å sjå at dansarar frå Leikarringen utmerkar seg på nasjonale arrangement!

På oppfordring frå Noregs Ungdomslag (Barnleik) vart det våren 2016 gjort opptak av Leikarringen som dansa Åttepardansen frå Sandnes. Leikarringen valde å lage to versjonar, ein med tradisjonell musikk og ein med pop-musikk. Innspelninga vart tatt vel imot, og vert brukt av laga rundt om i landet for å førebu seg til Barnleik 2017.

NRK tok kontakt med Leikarringen då dei trengte filmopptak av *“bunadskledde par som beveger seg forbi vårt kamera”* og *“dansende føtter og skjørte-/jakkekanter, hender rundt liv mens dansen går”*. Leikarringen stilte opp med 5 bunadskledde par, og leikte seg gjennom polsdans og eit par filmscenar med eit middels pinleg tilsnitt. Det vert spennande å sjå resultatet når dokumentaren om frieriets historie skal rulle ut over det ganske land ein gong i løpet av hausten 2017.

Fleire av dansarane i Leikarringen deltok på Norwegian Folk sumaren 2016. Fleire hundretals turistar fekk med dette eit lite innblikk i norsk folketradisjon. Styret vonar medlemmane held fram med å vere ein del av denne tilskipinga.

Det har også vore nokre studietimar lagt ned i dans hjå medlemene til Leikarringen i året som har gått. Fleire har delteke på studia Norsk Folkeleg Dans, Folkedanskroppen og scena & Tradisjonsdansen og scena på NTNU.

Den 16. september var det Kultur natt over heile Oslo, og BLS-huset og Nynorskens Hus vart fylt med song, dans og musikk. Dansarar frå Leikarringen dansa på konserten som Songlaget i BUL skipa til i Nynorskens hus, for deretter å dra vidare og danse natta lang i BLS-huset - der var det dans i alle salar.

Laurdag 19. november deltok 18 dansarar frå Leikarringen i lagdans på Oslokappleiken. Her deltok både nybegynnarar og røynde dansarar, og det heile enda med ein andre plass i lagdans-konkurransen! Svein Are Vatnehol, Rita Sirirud Strandbakke deltok óg i pardansklassen, medan Simon Hesselberg Løvald deltok i halling senior (og vann!!).

1.11. Utsendingar

Anne Cathrine Johansen og Gunvald Grønvik frå Leikarringen representerte BUL på BLS sitt årsmøte i 2016. Lisa Grav Henriksen og Tone Ingvaldsen frå Leikarringen deltok på vegner av BUL Oslo på årsmøtet til Noregs Ungdomslag i 2016.

1.12. Dugnad

Det blei lagt ned mykje godt dugnadsarbeid i samband med 17. mai-tilskipingane. Bunadnemnda held fram med å gjere ein fin innsats for eigedelane til Leikarringen. Sjå eiga melding i pkt. 4.

I samband med oppussinga av kontorlokala flytta styret, med Lasse Pettersen frå bunadnemnda i spissen, alt utstyr og eigendelar ned til lagerrom i kjellaren. Dette vart også eit høve til å rydda litt og få betre oversikt over tinga som kan nyttast til dømes til dansekveldar. Styret vart einige om at te-lys og te-posar ikkje treng å stå på innkjøpslista på eit par år.

1.13. Kurs

Sørmarkakurset er eit årleg tilskiping i regi av SAFFA, der det er fleire parallelle kurs innan musikk og dans over to dagar. Sørmarkakurset var i år 9. og 10. januar. Fleire av Leikarringens medlemmer deltok på kurs her, etter oppfordring på øving. Styret valde å gje ein del-sponsing til kursavgifta til dei som dro på kurs, på kr. 500,-. Det er vanskeleg å seie om dette var utslagsgjevande, men deltakinga frå Leikarringen var større enn på fleire år.

1.14. Medlemer frå Leikarringen som representerer i BUL, BLS (region), Noregs Ungdomslag (land), Noregs Mållag (land) i 2016

- Ida Malene Christensen er styremedlem i Bygdelagssamskipnaden, der har ho tittelen aktivitetseiar.
- Torbjørn Bergwitz Lauen sit som respresentant for Noreg i Nordlek sitt barne- og ungdomsutval og han sit i styret i Noregs Ungdomslag.
- Marie Nicolaisen sit som vara i styret i Noregs Ungdomslag.
- Karianne Johansen, som òg er medlem av Leikarringen, sit som styremedlem i Songlaget.
- Øystein Gammersvik sit som leiar, Klas Ekeland og Audun Stokke Hole sit som styremedlemer i styret for Bondehytta.
- Anne Cathrine Johansen er nestleiar og Gunvald Grønvik er medlem i styret i Bondeungdomslaget.
- Olav Kårevik sit som styremedlem i Bøndenenes Hus AS.
- Marie Nicolaisen, som òg er medlem av Leikarringen, er leiar i Teaterlaget i Bondeungdomslaget.

Oslo, 20. februar 2017

For styret i Leikarringen, Anbjørg Myhra Bergwitz (sign.)

2. Melding frå Rådet i Leikarringen

Rådet har etter årsmøtet i Leikarringen i 2016 hatt denne samansetjinga:

Valde for to år i 2015: Victoria Carlin, Steinar Hernes og Eirik Pettersen

Valde for to år i 2016: Astrid Skrindo og Rune H. Bjerke

Rådet har hatt eitt møte i perioden, den 8. mars 2016. På dette møtet valde ein Astrid Skrindo til ordførar og Rune H. Bjerke til skrivar.

Rådet handsama desse sakene under møtet:

- Frammøte på øvingane sett opp mot rekruttering av medlemmer og dermed samanhengen med den økonomiske stoda i Leikarringen
- Balansen mellom inntekter og utgifter i Leikarringen på sikt
- Tilhøvet til Barnelaget og formalkravet om at Leikarringen skal syte for styremedlemmer til laget
- Utbetaling av honorar ved framsyningar
- 100-årsjubileet i 2019

Bærum, 5. februar 2017

For Rådet i Leikarringen

Rune Hernes Bjerke (sign.)

3. Melding frå Søndansen

Søndansen har hatt 7 samkomer i 2016 og 25 medlemmer har vore med på øvingane. Spelemann er Hans Petter Holen og rettleiar Folke Flateland.

Vi dansar mykje kontradans og storgardsdans frå det norske kontradansutvalet, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Vi legg også vekt på det sosiale med ein god prat til kaffien. Folke har vore aktivt med i rekonstruksjon av ein menuett, Menuett fra Christiania, som blir presentert i to seminar, det neste seminaret er i Teatersalen i mars 2017.

Søndansen er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til Søndansen som er omlag ein søndag i månaden.

Asker, 29. januar 2017

For Søndansen

Folke Flateland (sign.)

4. Melding frå Bunadnemnda

Bunadnemnda har vore samansett av Lasse Pettersen, Turid Rønning og Anne Cathrine Johansen. Nemnda har vore tilgjengelege for råd og tips til bunadbruk i Leikarringen i samband med 17. mai. Det har også blitt lånt ut 3 herrebunadar til dansing på 17. mai og til ei framsyning.

På slutten av året måtte bunadrommet tømmast grunna ombygging i gården, dette blei gjort med god hjelp fra Teaterlaget og Lagskontoret. I skrivande stund er ikkje sakene sett på plass att, men det er gjort avtalar om å få det gjort om kort tid.

Oslo, 31. januar 2017

For Bunadnemnda

Anne Cathrine Johansen